



Arkivnr: 2015/2159-59

Saksbehandlar: Stein Ottosen, Roald Landøy, Erlend Hofstad, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		10.05.2016

Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2016

Samandrag

Saka gjeld fordeling av fylkeskommunale midlar til vern og vøling av faste kulturminne, budsjettpost 10.400.650.01. Dette er midlar som Hordaland fylkeskommune stiller til rådvelde for ei positiv utvikling og styring av kulturminnevernet i Hordaland, og tilskot skal gå til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg. Til dette føremålet er det for 2016 sett av kr 973 000,-. Dette er ei auke frå 2015 på kr 212 000,-. Totalt er det søkt om kr 4 826 701,-. Det er motteke 49 søknader og gjort framlegg om at 38 av søkerane får tilskot, medan 11 får avslag. Fordi summen til rådvelde berre er om lag 20 % av det omsøkte beløpet, må fleire gode søknader få avslag, medan andre får innvilga berre ein mindre del av søknadssummen.

Det vart vedteke nye retningsliner for tilskotsordninga i 2014.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 973 000,- kroner frå budsjettpost 10.400.650.01 som følgjer:

	Kommune	Objekt	Tidligere tilskot	Søknads- sum	Tilskot	Sidetall i vedlegg
1	Askøy	Pakkhus i Strusshamn Sjoddien	200 000	86 000	20 000	5
2	Austevoll	Hufthamartunet		93 697	63 000	11
3	Austevoll	Røykstove	30 000	60 000	25 000	29
4	Austrheim	Gadnhus på Sævarøy		30 000	25 000	19
5	Austrheim	Smie i Kvalvågen		50 000	20 000	18
6	Austrheim	Samanbygd anlegg	50 000	90 000	20 000	30
7	Bergen	Jordkjellar		60 000	30 000	33
8	Bergen	Uteflor i tørrmur		60 000	25 000	40
9	Bergen	Skulestova på Unneland	20 000	45 000	15 000	20
10	Bømlo	Arbeidarbustad Hiskholmen		1 490 000	20 000	22
11	Etne	Gamlaløa på Frette		300 000	25 000	16
12	Fitjar	Løebygning i eldre tun		100 000	20 000	9
13	Fitjar	Mindre notabu		100 000	25 000	31
14	Fitjar	Garden Tveita, lemmstove		66 500	25 000	3
15	Fitjar	Sjøbu		50 000	20 000	36
16	Fusa	Naust, tørrmura		89 000	20 000	23
17	Jondal	Herand båtbyggjarmuseum	10 000	100 000	30 000	7

18	Jondal	Naust i tørrmur		50 000	30 000	27
19	Kvam	Gardssag (m vassturbin), Nes		60 000	20 000	35
20	Kvinnherad	Grindbygd naust		140 875	20 000	6
21	Lindås	Lemstove (Storholmen)		50 000	30 000	34
22	Odda	Kvelvingsbru		100 000	35 000	25
23	Odda	Lia – samanbygd anlegg		30 000	30 000	15
24	Odda	Husmannsstove		30 000	25 000	13
25	Os	Saga på Gåssand		80 000	20 000	12
26	Osterøy	Vedskykkje (grindbygg)		20 687	20 000	48
27	Osterøy	Gamlahuset på Revheim		100 000	30 000	49
28	Osterøy	Brakeledd løe		150 000	30 000	38
29	Radøy	Grindverksløa på Mjøs	20 000	75 000	25 000	21
30	Radøy	Smaleflor, tørrmura		20 000	10 000	14
31	Radøy	Løebygning i tørrmur	20 000	70 000	30 000	39
32	Radøy	Tømra kvernhus		30 000	25 000	47
33	Stord	Venelaget for Gruo, Litlabø	30 000	70 000	20 000	2
34	Sund	Tømra kvernhus	100 000	160 000	25 000	43
35	Tysnes	Tømra kvernhus	30 000	100 000	30 000	42
36	Tysnes	Tørrmura naust		38 000	25 000	26
37	Tysnes	Rekkjetunet i Færavåg	70 000	70 000	50 000	46
38	Voss	Tømra smie		60 000	15 000	17
	SUM				973 000	

Følgjande søknader får avslag:

	Kommune	Objekt	Sidetall i vedlegg
1	Bergen	Hageanlegg (steintrapp)	32
2	Bergen	Steintrapp	37
3	Austevoll	Kvalvåg Seilsenter	1
4	Fitjar	Lemstove	10
5	Kvam	Samanb. anl. Husmannsplass	44
6	Kvam	Flytting av skulestove	28
7	Lindås	Den Trondhjemske postveg	45
8	Odda	Ragde gård	24
9	Os	Den Stavangerske postveg	8
10	Os	Lita notbu	41
11	Osterøy	Våningshus	4

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre, kan Kultur- og idrettsavdelinga omdisponere midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling bed fylkesrådmannen leggje fram sak om ny innretning av av tilskotsordninga slik at ein i sterkare grad stør opp under kommunale ansvaret på kulturminnefeltet og slik at ordninga vert i samsvar med intensjonane i prosjektet Kulturminneplanar i kommunane – KIK-.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Omtale av søknadene

Fylkesrådmannen, 22.04.2016

Saka gjeld fordeling av fylkeskommunale midlar til vern og vøling av faste kulturminne. Budsjettpost 10.400.650.01 til dette føremålet er for 2016 sett til kr 973 000,- . Dette er ei auke på kr 212 000,- frå 2015. Totalt er det søkt om kr 4 826 701,-. Det er motteke 49 søknader, og det vert gjort framlegg om at 38 av søkjarane får tilskot, medan 11 får avslag. Fordi summen til rådvelde berre er 20 % av det omsøkte beløpet, må fleire gode søknader få avslag.

Hovudføremålet for kulturminneforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og ta vare på kulturminna som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Tilskotsmidlane til vern og vøling må ein sjå i slik samanheng. Midlane skal nyttast til tiltak innafør kulturminnefeltet, gå til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som vert sett ved istandsettinga av kulturminnet. Ved vurdering av søknadene vert det også lagt vekt på kulturminneverdien samt effekten av den fylkeskommunale løyvinga i høve gjennomføring av tiltaket (jf vedtekne retningslinar for ordninga).

Bakgrunn

Hordaland er eit fylke med mange kulturminne. Til dømes har kulturminneregistreringa Sefrak (SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne,) kartlagt at talet på hus i fylket bygd før 1900 er om lag 50 000. Dette er hus av alle kategoriar (bustad, landbruk, industri, næring, kystrelaterte verksemder, samferdsle mv).

Få av dei kulturhistorisk verdifulle bygningane er gjeve eit lovheimla vern: i alt er rundt 700 bygningar i Hordaland freda med heimel i kulturminneloven, og berre mindre delar av den verneverdige bygningsmassen er regulert til bevaring eller omsynssone i kommunale arealplanar. Fleirtalet av kulturminne frå nyare tid har difor ikkje noko anna formelt vern enn dei generelle heimlane i plan- og bygningsloven. Dette lovverket vert i første rekkje forvalta av kommunane. Mange kommunar har kommunale kulturminneplanar, men det er i liten grad utvikla gode lokale ordningar eller verkemiddel for å hjelpe private huseigarar med kostnadene som er knytt til å eige kulturminne.

Interessa for kulturminnevern har auka sterkt dei seinare ti-åra. Samstundes er trongen for vernetiltak aukande. Demografiske endringar, bortfall av nærings- og landbruksverksemd gjer at mange bygningar vert ståande utan vedlikehald og til forfalls. Tilskot til vern og vøling er midlar fylkeskommunen stiller til rådvelde for ei positiv utvikling og styring av kulturminnevernet i Hordaland.

Mange søkjarar gjer det naudsynt med ei streng prioritering mellom tiltaka. Det vert gjort framlegg om at 38 av søkjarane får tilskot, medan 11 får avslag. På denne måten vert løyvinga strekt så langt som råd.

Vurdere å fornye og endre tilskotsordninga vern og vøling

Den 29.01.2016 gjorde Fylkesutvalet fylgjande vedtak i *Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2016*, sak 2014/24411-4:

5. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen arbeider vidare med å forenkle og effektivisere tilskotsforvaltninga.

Fylkeskommunale midlar til vern og vøling har vore eit viktig verkemiddel for å gjennomføre ein regional kulturminnepolitikk. Dette er særleg viktig i høve dei private eigarane som tek stort ansvar for å halde ved like og setje i stand kulturminne. Midlane har utgjort den regionale beredskapen for å sikre desse ikkje-fornybare ressursane, oppretthalde eit representativt utval av kulturminne frå heile historia og å bidra til at dei kan nyttast som ressursar for samfunnsutvikling og verdiskaping. I mange tilfelle har og fylkeskommunale midlar vore brukte i spleiselag med andre offentlege aktørar, t.d. Norsk kulturminnefond, slik at ein samla har makta å utløyse tilstrekkeleg midlar til å få tiltaket gjennomført.

Vern og vøling femnar breitt og forholdet mellom administrasjon ordninga og tilgjengelege midlar tilseier at denne tilskotsordninga potensielt kan forenklast og effektiviserast. Då Kulturminnefondet dei siste åra har vakse i storleik, og i høg grad er retta mot same formål, kan det vere føremålstenleg å sjå på ei fornying og mogleg endring av tilskotsordninga vern og vøling. Korleis den regionale ordninga kan gjerast meir målretta og koordinerast opp mot t.d. kommunale kulturminneplanar, lokale stønadsordningar vil her vere eit sentralt spørsmål.

Oppfølging

Før tilskota vert utbetalte, må tiltakshavar sende rapport over utførte arbeid og rekneskap og dokumentere at pengane har blitt nytta til det omsøkte føremålet og i tråd med retningslinene til fylkeskommunen om istandsetting av kulturminne. I nokre tilfelle, der tiltakshavar ikkje har høve til å forskottera heile summen, kan opptil halvdel av tilskotet utbetalast på førehand. Er det tvil om eit tiltak tilfredsstillir krava, vert det gjort ei synfaring.

Kulturminnefondet

Kulturminnefondet gir midlar til restaurering av kulturminne. Fondet vart oppretta av Stortinget i 2002 og er plassert som ei eiga verksemd under Klima- og miljødepartementet. Hordaland fylkeskommune er i kontakt med Kulturminnefondet for å sameine tilskota som vert gjevne frå dei to tilskotsordningane. Ved tildelinga av midlar til vern og vøling har administrasjonen teke omsyn til tildelingane frå Kulturminnefondet.